

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

|                         |                                |
|-------------------------|--------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 31.07.2023                     |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/333-34                    |
| <b>Dykkar referanse</b> | 21/796                         |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Andreas Sivertsen Våge         |
| <b>E-post</b>           | Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          |                                |

## Fråsegn til høyring av reguleringsplan - Hosteland Vest - Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til brev datert 13.02.23 om høyring av forslag til detaljregulering for Hosteland Vest. Hovudføremålet med reguleringa er bustadutvikling med tilhøyrande infrastruktur og småbåtanlegg. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og LNF. Arealet avsett til bustad utgjer ein stor del av bustadreserven i Masfjorden sin kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 02.04.22. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettlegging](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettlegging)

### Vurdering

#### Samferdsel, areal og transport

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har hatt vesentlege merknader til planforslaget når det gjeld veg og kollektiv, og har varsla motsegn knytt til temaet. Vi har hatt fleire dialogmøte med kommunen og plankonsulent for å bli semje om temaet. Fylkeskommunen har sendt ut fråsegn til planen i brev datert 12.05.2023. Der vart det stadfesta at avdeling for infrastruktur og veg framleis var i dialog med plankonsulent og kommunen, og avdelinga vil sende ut eige fråsegn.

#### Busshaldeplass

Det låg opphavleg busslommer langs fylkesveg 570 Fensfjordvegen i planforslaget. Dette var vi negative til fordi det var lagt opp til kryssing i plan for myke trafikantar til og frå haldeplassane kor fartsgrensa er 80 km/t. Dette var ei løysing som ikkje er i tråd med handbokkrava og ville utgjort ein svært stor risiko med tilhøyrande skadepotensial som ikkje er akseptabel. Fylkeskommunen har undersøka moglegheita for å redusere fartsgrensa på staden, eventuelt vidareføra fartsgrense 60 km/t som er i Hostelandtunnelen vidare forbi planområdet. Basert på fartsgrensekriteria er ikkje mogleg å gjennomføre. Videre ble det foreslått frå forslagsstillar side at ei bussløyfe internt på planområdet kunne vere ei løysing. Vi var i utgangspunktet negative til dette grunna tapt tid for ruta, fare for bomturar kor bussen må køyre innom sløyfa utan at det er passasjerar som skal av eller på. Lenger tidsbruk av bussruter fører til tapt konkurranse mot bil. Dette førar til at fleire veljar bil i staden for kollektiv, noko som er i strid med nullvekstmålet. Derimot vil ei bussløyve langs sekundervegen hindre kryssing av fylkesvegen, og vere ei meir trafikksikker løysing. Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg godtar at bussløyfa vert regulert inn, men kommunen må gå i dialog med Skys om de ønsker å bruke bussløyfa.

## Tursti

Grunna Hostelandtunnelen vert det vanskeleg å opparbeide gang- og sykkelveg til Hosteland sentrum. Forslagsstillar har foreslått ein tursti for å sikre trygg skuleveg. Det vert vanskeleg å få ein fullstendig universelt utforma tursti grunna terrenget på staden. I føresegna (§ 4.1.3.1) er det lagt inn at det skal etablerast repos/kvileplassar der stigningstilhøva ikkje kan tilfredsstillast. Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg godtar denne løysinga.

## Manglande fortau mellom Træet og Hosteland sentrum

Det manglar ein trygg forbindelse for mjuke trafikantar mellom Træet og Hosteland sentrum (sjå figur 1). Vi ønsker at det opparbeidast ein trygg forbindelse her. Vår vurdering er at det vil bli meir attraktivt å bo ved Hosteland vest om det finnes eit gjennomgåande trygt tilbud for myke trafikantar, og da spesielt med tanke på trygg skuleveg. Dette vil også føra til forbetra folkehelse, samt aktive born.



Figur 1: Rød linje viser manglande tilbud for mjuke trafikantar og må opparbeidast for å sikre trygg skuleveg.

Fylkeskommunen tilbyr skuleskyss til barn i første klasse som har lenger enn 2 km reiseveg til skulen, og lenger enn 4 km for elevar frå andre til tiande trinn. Dette strekket er ikkje så langt at fylkeskommunen kan tilby skuleskyss. Derimot når det er farleg skuleveg ved kortare avstandar, er det kommunen som er ansvarleg for å tilby og finansiera skuleskyss. Kommunen vil sleppe å betale for skuleskyss viss det er opparbeider trygg skuleveg. Krav om trygg skuleveg er vanskeleg å innfri langs fylkesvegen grunna Hostelandtunnelen. I utgangspunktet meiner vi at manglande fortauskopling mot Hosteland sentrum må vere etablert før igangsetjingsløyve til første bustad innanfor planområdet. Derimot har «Regional areal- og transportplan for Bergensområdet» ei retningslinje som seier at: «nye større boligområder (15 enheter) skal ha dokumentert trygg vei til grunnskole og kollektivholdeplass». Med bakgrunn i denne retningslinja er det semje med kommunen at det skal formulerast rekkefølgeføresegn som i tilstrekkeleg grad forpliktar forslagsstillar og kommunen til realisering av fortau mellom Træet og Hosteland sentrum. Det er foreslått ein oppdeling av rekkefølgekrava slik at dei sikrar både oppstart av reguleringsplan for fortau, vedtak av reguleringsplanen, samt bygging av fortau knytt til utbygging av Hosteland vest. Rekkefølgeføresegna vi kan godta lyder som følger:

§ 5.1 Rekkefølge knytt til gangforbindelse mot Hosteland sentrum:

§ 5.1.1.1 Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bustad nr. 1 innanfor planområdet skal det vere varsla oppstart av reguleringsplan for fortau langs fylkesvegen mellom Træet og Hosteland sentrum.

§ 5.1.1.2 Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bustad nr. 7 innanfor planområdet skal reguleringsplan for fortau langs fylkesvegen mellom Træet og Hosteland sentrum vere vedtatt.

§ 5.1.1.3 Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bustad nr. 15 innanfor planområdet skal fortau langs fylkesvegen mellom kryss Træet og Hosteland vere ferdig opparbeid.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har hatt vesentlege merknadar til planforslaget når det gjeld og kollektiv, og har varsla motsegn knytt til dette temaet. Vi har vore i dialog med kommunen og plankonsulent for å løyse dette. Avdeling for infrastruktur og veg kan basert på vurderinga i dette brevet godta revidert planforslag for Hosteland vest.

Med helsing

### **Mats Korneliussen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

### **Andreas Sivertsen Våge**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER